KYSTVERKET
Vest

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv nr.:	Saksbehandlar:	Dato:
	2016/6579-25		Bjarte Holta	17.06.2019

Uttale til varsel om oppstart av planarbeid - akvakulturlokalitet Toska Sør i Radøy kommune

Viser til brev av 12. juni vedkomne ovannemnde.

Det varslas oppstart av detaljregulering for akvakultur lokalitet Toska Sør, i Radøy kommune.

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomne, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet.

Det er fleire viktige farleier i dette området, bildet under viser farleiene med blå stipla linje. Det er også viktig hamneområde ved Mangersøy.



Lokaliteten Toska Sør er tidlegare behandla av Kystverket etter Hamne- og farvassloven. Slik anleggsplasseringa var tenkt i første omgang blei ikkje godkjent av Kystverket.

Etter justering av anleggsplasseringa blei lokaliteten godkjent etter Hamne- og farvasslova, det er denne anleggsplasseringa som fremkommer i plankart.

Planområdet er forholdsvis stort på grunn av at fortøynings område er tatt med i planområdet.

Regionkontor Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett: E-post:	www.kystverket.no post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Kystverket har ikkje merknadar for anleggsplasseringa slik den framkommer i plankart, men vi vil gjere merksam på at det er lite rom for endra plassering av overflate anlegget innanfor planområdet.

Med helsing

Bjarte Holta
trafikkleder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Turid Verdal

Fra: Idun Nessestrand Vefring <idve@nve.no>
Sendt: 18. juni 2019 08:16
Til: Post ABO Stord
Emne: NVE sitt generelle innspel - Ingen merknad - Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for akvakulturlokalitet Toska sør - PlaniID 1260 2019000400 - Radøy kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 12.06.19. Føremålet med planarbeidet er å utarbeide detaljregulering med konsekvensutgreiing for sjøområda ved Toska sør, der målsetnaden med arbeidet er å flytte eksisterande akvakulturføremål 160 meter søraust for å kunne etablere nytt anlegg der.

NVE har ingen merknadar til tiltaket.

Med venleg helsing

Idun Nessestrand Vefring
Avdelingsingeniør
Skred- og vassdragsavdelinga
Region vest

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Telefon: 22959536/ 41236958
Epost: idve@nve.no
Web: www.nve.no

NVE

FISKERIDIREKTORATET

Adm.enhet: **Kyst og havbruksseksjonen i region Vest**
Saksbehandler: **Martin Mathisen**
Telefon:
Vår referanse: **19/8727**
Deres referanse:
Dato: **08.08.2019**

Abo Plan & Arkitektur Stord AS
Att:
Torgbakken 9
5411 STORD

Radøy kommune Hordaland - Varsel om oppstart av planarbeid for akvakulturlokalitet ved Toska sør

Vi viser til brev om overnevnte sak mottatt den 12.06.2019

Planprogrammet som forevist ivaretar fiskeriinteressene i området og marint biologisk mangfold for øvrig. Vi har ingen vesentlige merknader til planprogrammet

Vår rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgivende og utøvende organ innen fiskeri- og havbruksforvaltning. Vi skal i første rekke arbeide for å sikre viktige marine ressurser slik at også kommende generasjoner kan fortsette å høste fra havet.
I saker som får følger for disse næringene, er det vårt ansvar å sikre deres interesser samtidig som vi skal ivareta det marine biologiske mangfoldet.

Bakgrunn

I 2016 søkte Lingalaks om utviding og endret plassering av anlegget ved Toska S. Det ble søkt om å øke den maksimalt tillatte biomassen til 3620 tonn.

Hordaland fylkeskommune avslo søknaden i vedtak av 30.06.2017. Grunnlaget for avslaget var manglende tillatelser etter forurensingsloven. I tillegg til et avslag fra Kystverket etter havne- og farvannsloven, Kystverket omgjorde sitt vedtak og godkjente søknaden i vedtak av 5.12.2017. Lingalaks klaget inn vedtaket.

I Miljødirektoratets behandling av klagesaken datert 11.03.2019 gis det støtte til Fylkesmannen som ikke hadde fattet noe vedtak som kunne påklages, men informert om at området for ny plassering av anlegget ikke var avsatt til akvakultur i kommuneplanens arealdel. Det konkluderes med at kommunen må gjøre ytterligere utredninger og nødvendige avklaringer dersom flerbruksområdet skal brukes til typen akvakultur som er tenkt i området, da etablerining av akvakulturanlegg i området, etter direktoratets syn, vil være eksklusiv arealbruk. Fylkesmannen anbefalte at

arealavklaring skjer i plan og ikke gjennom dispensasjon fra planen. For å behandle søknad om tillatelser etter forurensingsloven må arealbruken være avklart. I den forbindelse er det nå igangsatt arbeid med planarbeid for akvakulturlokaliteten ved Toska Sør.

Planstatus og formål

Etter ønske fra Lingalaks varsles det om oppstart av arbeid med reguleringsplan for akvakulturområde, dette skjer i forbindelse med søknad om tillatelser til akvakulturlokalitet etter akvakulturloven. Med planer fra langt tilbake i tid om å utvikle anlegget for mer optimalisert drift ønsker ikke Lingalaks å vente på ny kommuneplan for nye Alver kommune. Det er derfor startet arbeid med reguleringsplan for området. Planområdet er anslått til ca 1600 daa, og er dimensjonert til å romme 8 merder fordelt på to rekker med tilhørende flåter og fortøyningsliner. Formålet med planarbeidet er å utarbeide detaljregulering med konsekvensutredning for sjøområda ved Toska sør. Lingalaks AS vurderer arealet lenger ut som bedre egnet som følge av naturforholdene.

Vurdering av konfliktpotensiale med fiskerier

Planprogrammet som forevist har kartlagt nærliggende fiskeområder. Planområdet vil grense mot rekefelt som inntegnet i gjeldende arealplan.

Vi har tidligere avgitt uttalelse til søknad om utviding av anlegget i forbindelse med den overnevnte søknad om utviding og endret plassering av lokaliteten. Vurderinger som da ble gjort er gjeldende også i dag.

«Det er registrert rekefelt i sjøområda utanfor Toska og Manger. Slik oppdrettsanlegget er planlagt lagt ut, vil delar av fortøyingssystema kome i berøring med ytre del av rekefelta. Rekefelta har tradisjonelt vore nytta til trålfiske etter fjordreke og fortøyingssystem innanfor slike felt kan kome i konflikt med utøving av trålfiske. Vi har ikkje nyare data om bruk av felta utanfor Toska, men generelt er tråling etter fjordreke meir sjeldan i dag pga. svikt i rekeressursen gjennom mange år. Sjøkablar som tidlegare vart lagt gjennom rekefelta ved Toska kan også vere medverkande årsak til at felta i dag vert lite nytta til tråling.

Fiskeridirektoratet region Vest er generelt opptekne av at kjente rekefelt vert halde fri for installasjonar som kan kome til hinder for trålfiske. Når det gjeld rekefelta utanfor sørlege del av Toska og Manger, meiner vi likevel at konfliktpotensial ved etablering av nytt oppdrettsanlegg ca. 500 meter sør for noverande lokalitet, ikkje vil medføre vesentlig auka konfliktpotensial med trålfiske.

Vi har høyrt Fiskarlaget Vest i saka. Fiskarlaget seier i si uttale at det har vore god dialog mellom Nordhordland fiskarlag og Lingalaks i saka, og dei har ingen ytterlegare merknadar til saka utover at gamle fester o.l. må fjernast samt at ein må ha fokus på kva lusemiddel som blir nytta spesielt sidan ein ligg ved reketrålfelt. Lingalaks, fiskarlaget og Fiskeridirektoratet region Vest var i dialog om lokaliteten i september 2016 og har i samråd kome fram til at omsøkt plassering kan aksepterast i høve fiskeriinteressene.

Fiske med tradisjonelle reiskap som garn, line ruse og teine er vanleg gjennom heile året i Mangersfjorden og sjøområda vert nytta av båe yrkesfiskarar og fritidsfiskarar. Flytting og etablering av oppdrettsanlegg på ny lokalitet lenger ute i Mangersfjorden vil i første rekke medføre at eit nytt og større område vert teke i bruk for akvakultur. Det har vore oppdrettsverksemd ved Toska i fleire år, og vi er ikkje kjent med at verksemda har kome vesentlig til hinder for fiske.

På bakgrunn av det vi veit om fiske med tradisjonelle reiskap i desse sjøområda, ser vi ikkje at etablering av oppdrettsanlegg på ny lokalitet ca. 500 meter sør for noverande lokalitet vil medføre vesentlig auka konfliktpotensial med fiske.»

Våre innspill
Fiskeridirektoratet anbefaler at det settes av tilstrekkelig areal til akvakultur i kommuneplanens arealdel. Dette kan gjøres i form av at akvakulturområder avsettes i planen med hovedformål akvakultur, eller ved at akvakultur blir en del av underformålet i områder som er avsatt som «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone». Områdene som avsettes må være tilstrekkelig store og omfatte vannflate, vannsøyle og bunn. Vi fraråder generelt utarbeidelse av reguleringsplan for akvakultur. Dersom reguleringsplan likevel utarbeides, anbefaler vi at dette foregår parallelt med behandling av søknad om akvakulturlokalitet etter akvakulturloven hos Fylkeskommunen.

Planområdet kommer ikke i konflikt med de nærliggende fiskeriinteresser, forutsatt at fortøyningene holdes innafor planområdets arealer.
Planprogrammet som forevist ivaretar fiskeriene i området og marint biologisk mangfold for øvrig.

Vi imøteser endelig planforslag og ber om å få saken på høring videre.

Med hilsen

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Martin Mathisen
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift.

Mottakerliste:

Abo Plan & Arkitektur Stord AS	Torgbakken 9	5411	STORD

Kopi til:

Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER

Fylkesmannen i Vestland

Vår dato: 15.08.2019

Vår ref: 2019/12575

Dykkar dato: 12.06.2019

Dykkar ref:

Abo Plan & Arkitektur

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Oppstartsmelding - Radøy - akvakulturlokalitet Toska Sør - detaljregulering

Vi viser til brev av 12.06.2019, med melding om oppstart av reguleringsplan for akvakulturlokalitet Toska Sør, Radøy kommune. Fylkesmannen har fått utsett frist til 19.08.19 for uttale.

Formålet med planarbeidet er å utarbeide detaljregulering med konsekvensutgreiing (KU) for sjøområda ved Toska sør, der målsetnaden med arbeidet er å flytte eksisterande akvakulturformål om lag 1460 meter søraust for å kunne etablere eit nytt anlegg her. Lingalaks AS vurderer at arealet er betre eigna for oppdrett med omsyn til naturgjevne tilhøve enn dagens akvakulturområde avsett i gjeldande kommuneplan. Det vert såleis lagt opp til eit makebytte av areal innanfor plangrensa.

I gjeldande kommuneplan er planområdet sett av til akvakultur og fleirbruksområde i sjø, FNFFA. Nærliggande areal er avsett til fiskeri, rekefelt. I forslag til ny kommuneplan er planområdet avsett til akvakultur (AK) og bruk og vern av sjø og vassdrag med tillhøyrande strandsone.

Vurdering
Akvakulturområde har berre unnataksvis vorte regulerte i Hordaland. Fylkesmannen sin generelle råd i slike saker har vore at under føresetnad av at områda er tilstrekkeleg konsekvensutgreidde i på kommueplannivået, vil det berre unnataksvis vere trong for å regulere områda. Vi ser likevel at det kan vere ønskjeleg å utarbeide reguleringsplan i dei høve der kommuneplanen ikkje lenger gjev tilstrekkelege rammer til at dei involverte styresmaktene kan handsame søknader etter akvakulturlova og der det difor hastar med å få til ei planavklaring. I slike høve er det viktig at reguleringsplanarbeidet vert innretta slik at det gjev eit godt grunnlag for berekraftig bruk og vern av kommunen sine kystområde.

Naturmangfaldsomsyn i planlegginga
Vi vil særskild minne om at dei konsekvensane reguleringa vil medføre skal vurderast i høve til naturmangfaldet og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet. Vi er positiv til at planprogrammet slår fast at det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing der ein mellom anna skal utgreie naturmangfald. Vi oppfattar i utgangspunktet at planprogrammet har fanga opp dei viktigaste naturmangfaldtemaa. Som ein viktig, statleg premiss for planarbeidet viser vi likevel særleg til Lov om lakse- og innlandsfisk § 1, der det går fram at naturlege bestandar av laksefisk og

deira leveområde skal forvaltast i tråd med naturmangfaldlova, slik at naturen sitt mangfald og produktivitet vert teke vare på. Lova gjeld, for anadrom laksefisk sin del, òg i indre farvatn, jf. 2. Omsynet til fiskeinteressene – i denne samanhengen tradisjonelt nærings- og fritidsfiske etter laksefisk- og ivaretaking av laksefiskartane sine økologiske funksjonsområde skal ivaretakast i planar etter plan og bygningslova, jf. §7. Vi viser elles til naturmangfaldlova §§ 1, 5, 13 (Kvalitetsnorm for villaks) og miljølrettsprinsippa i §§ 7 og 8-12 og legg til grunn at planarbeidet vert utforma i samsvar med desse føringane.

Fylkesmannen legg til grunn at planen skildrar og handterer mogelege verknader av planen i høve til tilstanden for- og truslane mot villfisk laksefisk. Fylkesmannen kan ikkje utelukke at planarbeidet vil stride mot vesentlege statlege interesser, men vi legg til grunn at konsekvensutgreiinga og planarbeidet vil belyse dette.

Fylkesmannen vil elles rå i frå at ein regulerer meir areal enn det som er naudsynt. I det ligg det at ein må ta omsyn til trong for manøvreringsareal og fleksibilitet i drifta, men samstundes må arealet tilpassast det produksjonsomfanget som er aktuelt og som vurderinga av planen sine verknader byggjer på. Det er elles klart at influensområdet vil vere vesentleg større enn kva som skal regulerast i overflata og areal som trengs til fortøyingar, der andre interesser heilt eller delvis vert sett til side, må skildrast og visast i planen. Vi gjer merksam på nye underføremål til arealkategorien bruk og vern av sjø og vassdrag som kan vere aktuelle for planarbeidet, slik som 6110 – ankringsområde, jf. revisjon av kart- og planforskrifta av 2018.

Konsekvensutgreiinga skal utgreiie følgjande tema: naturmangfald, fiskeri, naturresursar og ferdsel på sjø, friluftsliv på sjø og i strandsona, landskap og kulturminne, samfunnsverknad, tilhøve til anna planlegging og risiko og sårbarheit. Fylkesmannen vurdere at temalista tar føre seg dei mest relevante temaa. Vi meiner at også verknaden for naboar, til dømes når det gjeld støy og lys må vurderast i planskildring/ konsekvensutgreiing.

Summert opp, må utgreiingane som skal gjennomførast omfatte det som er naudsynt for at ein skal vere trygg på at området er eigna til føremålet og for at planen sine reelle verknader for miljø og samfunn kjem tydeleg fram, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Verknadene av planen må synast opp mot dei relevante interessene i området. Fylkesmannen er særleg oppteken av reguleringsplanen synleggjer, samlar og tek i bruk det kunnskapsgrunnlaget som er tilgjengeleg.

Risiko og sårbarheit
Vi minner om at plan- og bygningslova § 4-3 set krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging, jf. pbl. § 4-3. Følgeleg bør difor ROS- analysen og konsekvensutgreiinga sjåast i samanheng med kvarandre. Det er ikkje naudsynt å vurdere same tilhøve to gonger i reguleringsplanen.

Om føresegner til planen
Detaljreguleringsplanen skal avklare dei arealmessige endringane, samt tydeleggjere interesser og verdiar som planmyndigheita må ta omsyn til. Pbl. § 12-7 gjev rammer for kva det kan gjevast føresegner om i reguleringsplan. Lista er uttømmande. Føresegnene skal supplere arealføremåla, men kan ikkje legge føringar for sjølve drifta.
Vi rår til å vise varsemd ved bruk av føresegner til denne type reguleringsplanar, då søknader om lokalitetsavklaringar uansett skal gjennom ei grundig løyvehandsaming etter akvakulturlova. Næringa må òg ha ein viss fleksibilitet til reint teknisk å drifte lokalitetar som er planavklart og eigna,

men det kan vere tenleg å stille nokre krav til utforming (herunder estetiske krav), eventuelle forbod mot former for bruk (herunder byggegrenser), støykrav mv., for å fremje føremålet med planen, avvege interesser og ivareta ulike omsyn i eller av omsyn til forhold utanfor planområdet.

Avsluttande kommentar
Dersom dei momenta som er trekte fram ovanfor vert lagt til grunn og handterte i planarbeidet, vil Fylkesmannen kunne vurdere planen sine verknader i høve til vårt sektoransvar ved offentleg ettersyn. Regulering til akvakulturanlegg er som nemnt innleiingsvis relativt nytt og har såleis nokre særlege utfordringar. For å sikre god framdrift i planprosessen stiller Fylkesmannen difor gjerne på møter saman med kommunen, dersom det er ønskjeleg for å avklare vesentlege nasjonale interesser tidleg.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

Vår dato: 16. august 2019
Vår ref.: 2019/50213-3
Saksbehandler: Silje Eide
Telefon: +47 55 56 89 65
E-post Silje.Eide@bergenhavn.no
Deres ref.:

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291
5203 OS

Uttale vedr - Varsel om oppstart av planarbeid, akvakulturlokalitet Toska Sør i Radøy kommune, Lingalaks AS

Vi viser til deres brev av 12.06.2019 vedrørende ovennevnte.

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BF IKS) har fått delegert myndigheten som tilligger kommunen etter Lov om havner og farvann (hfl.) av 17. april 2009 nr. 19, jf. § 10 fra Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden kommune.

Hfl. har som formål å legge til rette for god fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med allmenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer.

Vurdering av planforslaget

Det ligger til kommunens myndighet å ta stilling til ønsket arealbruk for området, vi presiserer imidlertid at det er viktig at det settes av tilstrekkelig areal til alminnelig ferdsel til sjøs. Generelt er vi av den oppfatning at det ikke bør settes av større arealer i sjø til enkeltinteresser enn det som er nødvendig.

Det går imidlertid en biled gjennom omsøkt område og planen må oversendes Kystverket som rette myndighet for behandling iht. havne- og farvannsloven (hfl.) av 17.04.09 nr.19 §§ 7 annet ledd og 27 annet ledd. Videre er Kystverket rette myndighet for behandling iht. Forskrift som krever tillatelse fra Kystverket (tiltaksforskriften) av 03.12.09 nr. 1449 § 1 bokstav a) om akvakulturanlegg.

Vi gjør også oppmerksom på at det er registrert fiskeriinteresser i området for omsøkt tiltak. Fiskeridirektoratet bør tas med i den videre planprosessen.

Med hilsen
Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS

Silje Eide - juridisk rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til: KYSTVERKET

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
REGIONALAVDELINGA
Seksjon for plan - REG AVD

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Hamnevegen 53
5200 OS

Dato: 16.08.2019
Vår ref.: 2019/12524-6
Saksbehandlar: malutk
Dykkar ref.:

Fråsegn til detaljreguleringsplan for akvakulturlokalitet - Toska sør - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 12.06.2019 om oppstart av arbeid med detaljregulering for akvakulturlokalitet ved Toska sør med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er å legge til rette for etablering av akvakulturanlegg. Føremålet er i hovudsak i strid med nyleg vedteken kommuneplan, der området er sett av til akvakultur (AK) og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Innanfor området er det tillate med fortøyningslinjer for akvakulturanlegg, men det kan ikkje etablerast anlegg. Det er vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Bakgrunn
Bakgrunnen for reguleringsplanen er ønskje om å flytte eksisterande akvakulturføremål på Toska sør om lag 160 meter søraust. Lingalaks AS vurderer at arealet er betre eigna for oppdrett med omsyn til naturgjevne tilhøve enn dagens akvakulturområde avsett i gjeldande kommuneplan. Plangrensa er sett for å regulere tilstrekkeleg areal for å kunne etablere 8 merdar fordelt på to rekker på lokaliteten, samt ei fôrflåte nordvest for merdanlegget. Dette vil kunne gje arealmesseg grunnlag for at lokaliteten kan ha ein produksjon på 3620 tonn maksimal total biomasse (MTB). Lingalaks har løyve til MTB på 1560 tonn på eksisterande akvakulturføremål.

Relevante planfaglege innspel
I akvakulturlova § 15 a) fastsetjast vilkåret om at løyve til akvakultur ikkje kan gjevast i strid med vedtekne arealplaner etter pbl. Slik arealavklaring skjer normalt på kommuneplannivå. Revidert kommuneplan for Radøy vart godkjent 20.06.2019. Strandsone og havområda vart omfatta av den tematiske revisjonen – men ikkje arealendring. Det er ikkje teken inn nye område for akvakultur i revisjonsarbeidet, og ønska endring kan ikkje gjennomførast i tråd med vedtatt kommuneplan. Ein framtidig revisjon av kommuneplan for Alver kommune ligg truleg fleire år fram i tid, og Lingalaks AS har difor starta reguleringsplanarbeid for å få ein raskare avklaring. Hordaland fylkeskommune meiner at reguleringsplan med konsekvensutgreiing er eit eigna verktøy for å avklare arealbruk i denne saka.

Då planen utfordrar vedteken kommuneplan er det viktig at utredningane tek eit overordna kommuneplannivå, i tillegg til lokale vurderingar på reguleringsplannivå. Det må leggast vekt på samla verknad og belastning på heile fjordsystemet.

Hordaland fylkeskommune er samd i dei temaa som er vektlagt for konsekvensutgreiinga i planprogrammet. Det gjeld temaa naturmangfald, fiskeri, naturressursar og ferdsel, friluftsliv, landskap og kulturminne, samfunnsverknad, tilhøve til anna planlegging og risiko og sårbarheit. Dette er viktige tema som vi ser fram til grundige vurderingar kring. Vi er positiv til at det skal vurderast fjernverknadar av anlegget, og ber om at det også vert gjort vurderingar om avbøtande tiltak som kan redusere negative fjernverknader, utan at dette grip inn i tekniske omsyn, justert av sektorlovverket.

Akvakulturlokaliteten Toska Sør

Det har vore anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Toska sør i meir enn 25 år. Lokalitet Toska S vart siste gong klarert etter akvakulturregelverket 26.03.2019. Her er det gjeve løyve etter akvakulturlova til å etablere eit anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure med ein maksimal tillaten biomasse på 1560 tonn. Lokaliteten er godkjent for eit plastring anlegg bestående av ein merd med tilhøyrande fôringsflåte.

Lokalitet 14018 Toska S vart den 22.12.2016 søkt utvida og flytta til same areal som det no vert fremja detaljreguleringsplan for. Illustrasjonen av mogleg anleggsplassering i framlegg til planprogram er identisk med anleggskissa i søknaden etter akvakulturlova.

Denne søknaden har vorte handsama på vanleg måte etter reglane i laksetildelingsforskrifta med offentleg utlysing, kommunal uttale, og positive utaler og vedtak frå Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Kystverket. Fylkesmannen har ikkje handsama søknaden. Fylkesmannen si oppgåve er å handsame søknaden etter forureiningslova og vurdert den etter naturvern-,friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova. Hordaland fylkeskommune fatta vedtak om avslag på søknaden. Av grunngjeving går det fram at søknaden er avslege utelukkande på grunnlag av at det ikkje ligg føre naudsynt løyve etter forureiningslova.

Vedtaket er påklaga, og fylkeskommunen har send klagen til Fiskeridirektoratet og klagar har send klagen til Miljødirektoratet. Siste kjente korrespondanse i saka er at Miljødirektoratet i brev av 11.03.2019 har bede Fylkesmannen handsame saka. Søknaden er oppsummert i vedlagt klageinnstilling frå Hordaland fylkeskommune til Fiskeridirektoratet.

Slik situasjonen er no har saka stoppa opp utan at søkjar har fått ei fullstendig behandling av saka si. For å kome vidare i saka har Lingalaks AS teke initiativ til denne detaljreguleringsplanen for området.



Figur 1. Omsøkt plassering i søknad etter akvakulturlova og framlegg til detaljreguleringsplan. Til venstre med anleggskisse i lag med kommuneplanen og til høgre anleggskisse på sjøkart med godkjent plassering av Kystverket.

Utgreingar/KU:
I Rundskriv H-6/18 (Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder) - frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vert det sagt følgjande om utgreiingsbehovet på arealplan:

> *«Det vil bli gjort mer detaljerte vurderinger av miljøvirkningene ved behandling av lokalitets-søknader etter akvakulturloven, som utfyller vurderingene i kommuneplanen. Det er derfor ikke nødvendig at alle miljøforhold er avklart i detalj i kommuneplanen.»*

Det er gjort betydelege akvakulturfaglege utgreiingar i samband med tidlegare lokalitetsklareringar, og i over nemnde søknad. Dette er kunnskap om mellom anna miljø og samfunnsmessige førehald som det er naturleg at vert samanstilt og nytta som kunnskapsgrunnlag i ei utgreiing av planområdet.

Når kommunen no skal gjennomføre ein reguleringsplan med konsekvensutgreiing vil vi i denne saka påpeike at sektormynde innanfor fiskehelse, fiskeri og ferdsel allereie har gjeve løyve til etableringa. Fylkeskommunen vil be om at nivået på utgreiingane tar omsyn til dette, og avgrensar utgreiingane til relevante miljømessige tema på eit overordna nivå. Detaljnivået i framlegget til planprogram kan for fylkeskommunen synes noko omfattande i denne saka.

Akvakultur
Fylkeskommunen vil påpeike at arealplanar skal trekke opp rammene for arealbruken til akvakultur på eit overordna nivå, og at akvakulturnæringa elles vert regulert etter sektorlovgjevinga. Ein kommune skal ikkje gjennom arealplanar fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold som for eksempel produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjeld lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormynde har tilsynsansvar.

Akvakultur er framleis ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammebetingelsar, spelar stor rolle når det gjeld næringa si trong for areal. Det er difor viktig at detaljreguleringa med tilhøyrande plankart ikkje vert for detaljert. Det må vera muleg å søkje om justeringar og flyttingar av anleggsutstyr, fortøyingar, ankerfeste og/eller bruk av ny teknologi utan å måte endre planen.

KMD har i rundskriv H/6/18 slege fast følgjande :
«Kommunen må samordne bruk av bestemmelser i planen med behandlingen etter sektorlov der planen åpner for et tiltak som også krever tillatelse etter sektorlov. Kommunene bør være svært tilbakeholdne med å sette vilkår for akvakultur som reguleres av annet sektorregelverk, i sine arealplaner. Vilkår for godkjenning og drift av akvakultur fastsettes i lokalitetsgodkjenningssystemet som koordineres av fylkeskommunen.»

Kulturminne og kulturmiljø
Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne ved Toskeflua, Toska Sør, Radøy kommune som kan bli direkte råka av tiltak i reguleringsområdet. Museet har ingen andre merknader til detaljreguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Meir informasjon
Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering
Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på ovannemnde i det vidare arbeidet med privat detaljregulering av akvakulturområde ved Toska sør.

Eva Katrine R. Taule
konst. plansjef

Malene Utkilen
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Malene Utkilen, Planseksjonen, REGIONALAVDELINGA

Endre Korsøen, Seksjon for klima- og ressursforvaltning, REGIONALAVDELINGA

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren, KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

Radøy kommune

Fiskeridirektoratet - Region Vest

FYLKESMANNEN I VESTLAND

FISKARLAGET VEST

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 16.08.19

Vår ref. 840/19/EKE/5.7.1.3

Dykkar ref.:

ABO Plan & Arkitektur Stord AD

e-mail
poststord@abo-ark.no/ turid@abo-ark.no

RADØY, TOSKA SØR – DETALJREGULERING FOR AKVAKULTUR

Viser til brev av 24.06.19, med vedlegg, frå ABO Plan & Arkitektur Stord AS vedkomande ovannemnde sak.

Generelle merknader
Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.
Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/ lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).
I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit.
Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre! «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Adresse:
Slottsgt. 3
N-5003 BERGEN

Telefon: 55 55 39 80
Telefax: 55 55 39 88
e-mail: *vest@fiskarlaget.no*

Bankkto: 6511.05.05331
Org.nr: NO 938 613 109
Org.nr: NO 984 152 094 MVA

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land/til sjøs blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for fiske/ferdsel på sjøen.

Fiskarlaget Vest registrerer at ein får mange søknader om endra lokalitetar, auka biomasse (MTB) på eksisterande lokalitetar, samt søknad om nye lokalitetar.
I tillegg får ein no ein del søknader om løyve til å oppdrette andre artar, t.d. tang, tare, blåskjel o.l. «samlokalisert» på eksisterande lokalitetar med laks, men òg på nye lokalitetar.

Fiskarlaget Vest meiner at det ikkje må førast ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurdere kva eit **større** område toler av oppdrett **i tillegg til** anna utslepp til sjø.
Oppdrettsnæringa må i utgangspunktet velje gode lokalitetar, som ikkje er i konflikt med fiskerinæringa, slik at det ikkje blir slik at ein forureinar eit området for deretter å søkje om ny/justert plass.
Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må **definere** kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring, her villfisk. men ikkje berre vill laksefisk.
Fiskarlaget Vest vil minne om seiproblematikken, spesielt i høve til garnfiske.

Ein kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.
Det er òg andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering. Deriblant m.a. bruken av kjemiske avlusingsmiddel. jf. rapport frå Havforskningsinstituttet om saka i januar 2013.
IRIS i Stavanger har òg gjort nokon forsøk i høve bruk av einskilde avlusingsmiddel i høve reke, jf. link: http://www.nrk.no/nordland/bekymret-for-legemidler-i-oppdrett-1.11931728.
Ein nyttar òg andre avlusingsmiddel og kombinasjonar av avlusingsmiddel/«off-label», som ein ikkje kjenner konsekvensane av for det marine liv. I tillegg kan det sjå ut som om hydrogenperoksid ikkje er så ufarleg som styresmaktene tidlegare har hevda, jf. pressemelding frå Nærings- og fiskeridepartementet i høve bruk av føre-vår-prinsippet for dumping av lusemiddel; https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/foreslar-strengere-regler-for-bruk-av-lusemidler/id2612098/
Ein forutset at regelverket i høve luse- og sjukdomsbehandling, og handsaming av eventuelt lusevatn, blir fulgt.

Det kan òg nemnast at ein har funne ut at kobbar (som er brukt på mêrdane) ikkje går saman med avlusingsmetoden ved bruk av hydrogenperoksid, jf. http://kyst.no/nyheter/kobber-og-hydrogenperoksid-gar-ikke-godt-sammen/#.VyECUf8T9B0.gmail
I høve miljø må ein òg ta med at mêrdane no blir spylt reine på lokaliteten, og den forureininga det utgjer.

Ein må unngå at det blir ført ein bit-for-bit politikk i høve å søkje om auka biomasse, deretter auka areal osb.

Med dagens fokus på plastforureining til sjø må ein forebyggje i størst mogeleg grad , då det er dyrt og vanskeleg å rydde opp i ettertid.

Fiskarlaget Vest meiner at det må kome fram på kommuneplankarta kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk/næring av eit oppdrettsanlegg, ikkje kun sjølve anlegget.

Oppdrettsnæringa må kontinuerleg arbeide for at ankersystema blir kortast mogeleg innanfor krava som er stilt, for å redusere område som blir bandlagt for anna bruk/næring. I den samanhengen vil ein peike på bolting (ikkje T-boltar som fiskereiskap kan hefte i), som vil kunne avgrense ankringsområdet.

Det er viktig at oppdrettslokalitetar/fortøyingar/fester under vatn som ikkje er i bruk lenger blir rydda skikkeleg.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i plan-/reguleringsprosessar. Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Toska sør
Det er her meldt om oppstart av reguleringsplanarbeid. Viser til vår uttale til kommunen av 29.01.19 vedkomande revidering av kommuneplanen til Radøy:

> «Ein vil vise til at reketrålfelt er naturgjevne område, som ikkje kan flyttast. Det er derfor svært viktig at desse områda blir ivaretatt, og halde fri for faste installasjonar, slik at områda òg kan nyttast til fiske i framtida. Ein bør sjølvsagt òg unngå forureining til områda...
>
> ...Når det gjeld akvakulturområdet (lokaliteten Toska S) ved Austra og Vestra Tåna (Mangersfjorden) (32 – R) vil ein vise til tidlegare møte om saka. Rekefeltet må òg, som nemnd ovanfor teiknast inn i tråd med registreringane hos Fiskeridirektoratet, og ein kan ikkje godta at fortøyingane kjem inn i det rett registrerte reketrålfeltet (Fiskeridirektoratet si nettside).»

Reguleringsgrensa for denne planen må vere utanfor dei registrerte reketrålfelta i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy.

Plasseringa av akvakulturanlegget vil me uttala oss til seinare etter sektorregelverket.

Ein føreset òg at ny kunnskap angåande bruk av midlar for behandling av oppdrettsfisk vert teken i bruk. Dette gjeld avlusingsmiddel, hydrogenperoksid og teflubenzuron m.m, som har negativ innverknad på det naturlege mangfaldet i sjøareala rundt.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt

for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.
I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Elles visar ein til dei generelle merknadene.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø
Britt Sæle Instebø

Eirin K Espeland
Eirin Kongestøl Espeland

Kopi pr. mail: Norhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Vestland
Radøy kommune


FISKERIDIREKTORATET
Toska
Byrkjeland
Tveitåsen
600m
Skageneset
Træsvatnet
Klubbesbyen
Manger
Kjevatnet
Mangersøyna
14015 TOSKA S
Austra
Vestra
Tåno
Toskeflua
Vid-
holmane
Stein-
holmen
Mangersvågen
Mangersneset
Sjurholmen
Kvalen
Gjerdevågen
Kårbovågen
Orneset
Husebø
Sanden
Husebøvågen
Kårbo
Brotshaug
Brotshaugvatnet
N60.58938, Ø4.95814
Akvakultur - lokaliteter
Matfisk laks, ørret, regnbueørret
Særtillatelser
Settefisk laks, ørret, regnbueørret
Stamfisk laks, ørret, regnbueørret
Slaktemerd
Andre arter/formål
Bløtdyr, krepsdyr, pigghuder
Alger
Gytefelt torsk MB
Gytefelt torsk MB
Gyteområder
Gyteområde
Oppvekst - beiteområde
Oppvekst - beiteområde
Fiskeplasser - Aktive redskap
Fiskeplass - aktive redskap
Fiskeplasser - Passive redskap
Fiskeplasser - passive redskap
Rekefelt - Aktive redskap
Fiskeplass - aktive redskap
Låssettingsplasser
Låssettingsplasser
Skjellforekomst
Skjellforekomst
Fiskerihavner
Fiskerihavner
Anløpskai fiskeri
Privat kai
Ukjent kai
Slipp/verksted
Bunkringsanlegg
Notbøteri
Mottaksanlegg- aktiv
Mottaksanlegg- nedlagt
Offentlig kai
Fiskeridirektoratet og ND-parter

Manger, 12 August 2019

Fra:
Kjell Mundheim
Morvikbotn 240
5122 Morvik

Til:
ABO Plan & Arkitektur Stord AS
ved Turid Verdal

Detaljreguleringsplan for akvakulturlokalitet ved Toska sør. Plan-ID: 1260 2019000400

Jeg viser til ditt brev dd 12 Juni 2019 vedrørende planer for akvakulturlokalitet Toska Sør.
Jeg viser også til de samtalene vi har hatt pr telefon og vil takke for at du tok deg tid til å forklare/utdype noen av forholdene rundt denne planprosessen.

«Steinholmen» (1260-45/52) har vært vår familie's landsted siden 1968. Vi er veldig glade for landstedet vårt og benytter det hele sommerhalvåret. Vi har vanligvis 150 – 180 overnattingsdøgn pr år (med alt fra 1 til ca 10 medlemmer av familien tilstede). Dvs at hytten er bebodd praktisk talt hver dag/natt i sommerhalvåret (fra påske og frem til slutten av september).

Hovedutsikten fra «Steinholmen» er sør-vestover mot Mangerfjorden og videre utover mot Hjeltefjorden. Det er en fantastisk flott utsikt. Se foto:

Utsiktsfeltet fra stuen i hytten vår er vist i denne skissen:



Denne flotte utsikten var en sterkt medvirkende faktor, da mine foreldre bestemte seg for å kjøpe «Steinholmen» i 1968. Det samme var tilfelle for meg, da jeg bestemte meg for å overta som formell eier av eiendommen i 2002.

Vi har utviklet «Steinholmen» fra å være sauebeite (og til dels også søppelplass) i 1968, til å bli et fantastisk flott landsted i dag. Ja, landstedet vårt på «Steinholmen» er på mange måter selve livsverket til mine foreldre. Jeg har spurt min far hva han synes om planen om å plassere et oppdrettsanlegg mitt i utsikten fra stuevinduet i hytten vår. Han er mildt sagt forferdet. Han føler at livsverket hans i betydelig grad faller i grus, dersom et oppdrettsanlegg blir plassert der det er foreslått.

Jeg deler min far's forferdelse over den foreslåtte utbyggingen. I tillegg til at den flotte utsikten vår blir ødelagt, så vil plassering av et oppdrettsanlegg, der det nå er foreslått, redusere verdien av eiendommen vår. Dette er meget bekymringsverdig fra mitt ståsted. En markant verdiforringelse av eiendommen burde også gi grunnlag for en redusert eiendomskatt til kommunen. Jeg vil tro at dette forholdet også vil gjelde for mange av våre naboer's eiendommer. Ønsker kommunen en slik utvikling?

Jeg vil også trekke frem at den foreslåtte utbyggingen vil ha en negativ innflytelse på vår bruk av nærområdet til hobbyfiske og annen rekreasjon. Vi er i dag selvforsynt med mat fra havet om sommeren. Dette inkluderer dypvannsfisk (lange, brosme), annen fisk (torsk, sei, lyr, breiflabb, steinbit, rødspette, lomre etc), samt kreps og krabber. Hva skjer med våre muligheter for å opprettholde dette fisket? Dypvannsfisk og kreps har vi tradisjonelt sett fisket i det området der det nye oppdrettsanlegget er foreslått plassert.

Den nåværende plasseringen av det eksisterende oppdrettsanlegget er ikke synlig fra «Steinholmen». Vi har derfor aldri ytret noen misnøye med dette anlegget. Men vi vil innstendig anmode om at planarealet for plassering av oppdrettsanlegg ikke blir utvidet slik at anlegget blir synlig fra «Steinholmen».

Vi har reist mye med båten vår langs Norskekysten, fra Svenskegrensen i sør, til Lofoten & Vesterålen i nord. Og det slår oss at der finnes utrolig mange steder, spesielt nordover langs kysten, der man kan legge til rette for akvakultur, uten at det medfører ulempe for fastboende og hyttefolk. Jeg vil derfor anmode om at dere finner en bedre egnet lokasjon enn den som foreslås i deres brev av 12 Juni 2019.

Jeg håper at dette er tydelig formulert, men ta gjerne kontakt, dersom noe er uklart.

Med vennlig hilsen,

Kjell Mundheim (sign)